



MOLDE KOMMUNE

Eikesdal utvalde kulturlandskap - Forvaltningsplan 2024-2027



Eikesdalen sett frå Finnsetlia. Foto: Bjørn Magne Øverås.

Føreord

Eikesdalen ble i 2022 peika ut som Utvald kulturlandskap i landbruk på grunnlag av kulturhistoriske og naturfaglege verdiar. Eikesdalen ligg heilt aust i Molde kommune i Møre og Romsdal vert rekna for å vere ein av dei mest storslårte dalane i Romsdal. Dalen og Eikesdalsvatnet er omkransa av bratte fjellsider med høgder opp mot 1800 moh., og er kjent for eit godt og tørt klima. Det gir eit grøderikt jordbrukslandskap og varmekjære lauvskogar med eit stort mangfald av artar.

Denne forvaltningsplanen er første utkast til plan for 2023 - 2027. Forvaltningsplanen skal, saman med årlege retningsliner, vera styrande for kva tiltak og prosjekt som bør prioriterast i åra som kjem.

Forvaltningsplanen skal reviderast kvart 4. år i samanheng med kommunevalperiode.

Vedtatt 14.12.2023.

Innhald

1 Innleiing	2
1.1 Om Det utvalde kulturlandskapet Eikesdalen	2
1.2 Om ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL).....	2
1.3 Målgruppe for planen.....	3
1.4 Organisering av arbeidet med forvaltningsplanen.....	3
1.5 Om forvaltningsplanen.....	3
2 Områdeskildring.....	4
2.1 Områdeavgrensing	4
2.2 Samla skildring av verdiar	5
2.3 Landskap	5
2.4 Natur og biologiske verdiar	6
2.5 Kulturhistorie og kulturhistoriske verdiar	7
2.6 Landbruksdrift	10
2.7 Andre næringar og brukarinteresser	12
3 Utfordringar og moglegheiter i områder	13
4 Mål for området og prioriterte tiltak.....	14
4.1 Mål for området	14
4.2 Prioriterte tiltak for området.....	15
4.2.2 Vedlikehald og istandsetting av verneverdige bygningar og kulturminne i landskapet	17
4.2.3 Jordbruksdrift, beite og utmark.....	18
4.2.4 Ferdselsårer «til lands og til vanns»	20
4.2.5 Formidling.....	21
5 Overordna føringar for forvaltning av ordninga	22
5.1 Generelt.....	22
5.2 Forvaltningsplan og årlege retningslinjer	22
5.3 Grunnleggande prinsipp for tildeling tilskot.....	22
6 Forvaltning.....	24
6.1 Opgåver, roller og ansvarsfordeling	24
6.2 Regelverk for ordninga	26
6.3 Andre rammer: registreringar, kommunale, og regionale planar, og naturvern	26
6.4 Økonomi - kostnadsoverslag og finansiering	27
6.5 Søknad om tilskot og tildeling	28
6.6 Årshjul.....	28
7 Vedlegg og lenker til meir informasjon.....	29

1 Innleiing

1.1 Om Det utvalde kulturlandskapet Eikesdalen

Eikesdalen vart i 2022 peika ut som eitt av dei utvalde kulturlandskapa på grunnlag av kulturhistoriske og naturfaglege verdiar. Eikesdalen heilt aust i Molde kommune i Møre og Romsdal blir rekna for å vere ein av dei mest storslåtte og særeigne dalane i Romsdal.

Eikesdalen og Eikesdalsvatnet er omkransa av bratte fjellsider med høgder opp mot 1800 moh., og er kjent for eit godt og tørt klima. Det gir eit grøderikt jordbrukslandskap og varmekjære lauvskogar med eit stort mangfold av artar. Gjennom dalføret renn elva Aura ned frå Aursjøen til Eikesdalsvatnet og vidare ut i Eresfjorden.

Liene i Eikesdalen består av eit mangfold av skogsnaturtypar, kulturmarker, rike rasmarker og vassdragsnatur, med store skogar av alm og Nord-Europas største samanhengande hasselskog. Storstilt bruk av hasselskogen til tønneband og sinking av nøtter var i mange år av stor økonomisk verdi for bygda. Lang tradisjon med å pile (styve) alm og andre lauvtreslag til husdyrfôr pregar også kulturlandskapet. Dei gamle almpilane og dei store alm- og hasselskogane er viktige leveområde for eit stort mangfold av lavartar, flaggermus, holerugande fugl og soppartar som er unike for dette området.

Klimaet og naturressursane her gjorde at menneske kom hit allereie for over 11 000 år sidan – truleg som eit av dei første områda i landet. Gjenstandsfunn og arkeologiske undersøkingar kan vitne om kontinuitet i busetting og jordbruk heilt tilbake til yngre steinalder. Lang tids utnytting av ressursane i fjellet, særleg villreinjakta, står saman med jordbruksdrifta sterkt i området.

Eikesdalen er no ei aktiv jordbruksbygd basert på moderne mjølke- og kjøttproduksjon. I 2022 er det åtte aktive jordbruksføretak i området som får produksjonstilskot. Gardstuna ligg langs vegen som eit særmerkt bygningsmiljø, med fjøsa på rekke bakom våningshusa og gardsrommet imellom. Tunskipnaden er svært gammal. Dette er særleg verdifulle jordbrukslandskap som representerer forskjellige typar landskap og der det er eit stort lokalt engasjement for å ta vare på landskapsverdiane.

1.2 Om ordninga Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL)

Formålet med satsinga er å sikre langsiktig forvaltning av utvalde landskapsområde med store biologiske og kulturhistoriske verdiar, som er forma av langvarig og kontinuerleg tradisjonell bruk. Målet med satsinga er å sikre kulturlandskapsverdiane i området ved hjelp av tilskott til skjøtsels- og vedlikehaldsoppgåver.

Arbeidet med å velge ut område starta i 2008. I 2022 er det 51 område som har status som utvalde kulturlandskap. Områda skal gi ein best mogleg nasjonal representativitet med omsyn til landskapstypar, driftstilpassingar og geografisk spreiing. Dei skal også gi allmenta kunnskap og opplevelingar om jordbruks historie vår, vere ein ressurs for verdiskaping for eigar/brukars og referanseområde for forvaltning og forsking knytt til tradisjonelle jordbrukslandskap.

UKL er ei tverrfagleg, felles satsing mellom Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet. Satsinga er eit samarbeid med mange aktørar der bonden, grunneigar og drivar er dei sentrale drivkraftene for å ta vare på verdiane i områda.

Statusen som utvald kulturlandskap inneber ikkje noko vern eller andre juridiske bindingar, men det er ein føresetnad at kommunen sikrar områda på ein tilfredsstillande måte gjennom planar etter plan- og bygningsloven.

Det blir sett av årlege midlar til områda gjennom jordbruksavtalen og frå budsjettet til Klima- og miljødepartementet. Kommunen har ansvaret for å forvalte desse midlane og elles koordinere arbeidet med områda, og å oppretthalde dialogen med regional forvaltning og lokale aktørar.

Les gjerne meir om UKL-ordninga på landbruksdirektoratet.no

1.3 Målgruppe for planen

Forvaltningsplanen skal gje grunnlag for å gå vidare med planlegging og forvaltning av det utvalde kulturlandskapet Eikesdalen i eit langsiktig perspektiv.

Målgruppene er:

- Molde kommune, som forvaltar av ordninga.
- Grunneigarar og brukarar i området.
- Lokale interesser som lokale frivillige organisasjonar og lag, næringsorganisasjonar med fleire,
- Regional forvaltning med Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Landbruksdirektoratet som er sekretariatet for den nasjonale satsinga, og Landbruksdirektoratet som har koordineringsansvaret.

For at UKL-statusen skal vere til nytte for lokalsamfunnet, så vel som nasjonalt, må planen og strategiane denne peikar på, vere utforma på ein måte som gir meirverdi til grunneigarar og forvaltarar av det utvalde kulturlandskapet.

1.4 Organisering av arbeidet med forvaltningsplanen

Landbruksseksjonen i Molde kommune har hatt hovudansvar for utarbeiding av planen. Arbeidsutvalet for UKL Eikesdalen beståande av grunneigarar/brukarar har bidrige, saman med representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Planen har vore på høyring i perioden desember 2022 til mai 2023.

Planen er vedteken av Molde kommunestyre 14.12.2023, i sak 119/23.


1.5 Om forvaltningsplanen

Langsiktige mål og overordna prioriteringar er fastsett i forvaltningsplanen. Planen vil bli supplert med årlege retningsliner, sjå punkt 4.2.

2 Områdeskildring

2.1 Områdeavgrensing

Området er på 64 429 dekar (inkl. både land- og vatnareal), og ligg i Molde kommune. Området strekker seg fra Elingsneset i nord, langs Eikesdalsvatnet og Eikesdalen, til Stordalshølen i søraust. Grensa følgjer for det meste kote 600 gjennom heile dalføret med unntak for inste del som er løfta for å få med Aurstølen (674 moh.) og Stordalsåsetra (756 moh.) som ligg ca. 2,5 km fra damkrona til Aursjøbassenget. Nordre avgrensing følgjer Elingsnesets nordre side i linje over til utløpet av Tongelva på austsida opp til kote 300. Det er lagt vekt på å få med strukturar og element i landskapet som heng saman, få med viktige kulturmiljø og kulturminne, og å få med verdifulle naturområde og område med store estetiske og landskapsmessige verdiar. Grensa er utarbeidd i eit samarbeid mellom grunneigarar, kommune og regional forvaltning. Revidering av grensa vil bli vurdert etter 1. planperiode.



Figur: Kartutsnitt for UKL Eikesdalen. Grensa for området er merka med raudt.

Sjå naturbase.no for avgrensing av området. Vel kartlag «Landskap» og så «Utvalgte kulturlandskap»

2.2 Samla skildring av verdiar

Grunnleggande for val av UKL-område er at dei i størst mogleg grad har store både biologiske og kulturhistoriske verdiar og at det er realistisk å få til langsiktig drift, skjøtsel og vedlikehald.

Områda er vidare valt ut frå fire verdikriterium; heilskapleg landskap, tidsdjupne og kontinuitet, representativitet eller sær preg og formidlingsverdi.

Heilskapleg landskap

Eikesdalen er eit samanhengande, storskala landskap med stor spennvidde frå dalbotnen med Eikesdalsvatnet, elva og jordbruksareala omkransa av bratte skogslier og ville fjell. Både naturtilhøve og busetjing uttrykkjer eit særegne og grøderikt landskap. Dette går også att i folkeleg omtale av Eikesdalen som eit naturgjeve spiskammers. Uttrykk som "Gosen", "Alme-Kanaan" og ein "Edens hage" har vore vanleg å bruke om bygda.

Tidsdjubde og kontinuitet

Ei reise i Eikesdalen er ei reise gjennom ti tusen år, med spor og symbol frå mange tidsperiodar. Arkeologiske undersøkingar tyder på at mennesket kom til Eikesdalen for 11 000 år sidan – som eit av dei første områda i landet. Fiske, jakt og sanking har sett varige merke etter seg i form av fangstanlegg og gjennom funn av ulike reiskapar. Dei første dyrkingspora går 8 000 år tilbake i tid, med utgangspunkt i godt jordsmonn og eit tørt og varmt klima. I løpet av jernalderen ekspanderte busettinga i dalen og mange nye gardar vart rydda. Dette la grunnlaget for det kulturlandskapet som kjenneteiknar Eikesdalen i dag.

Representativitet eller sær preg

Om Eikedalen blir det sagt at "Det finst berre ein". Sjølv om Eikesdalen er eit typisk eksempel på ein U-dal, er det kombinasjonen og dei sterke kontrastane mellom naturlandskapet og det unike kulturlandskapet som gjer dalen særegen og spesiell. Det spesielle klimaet og dei rike naturforholda gir opphav til ei lang og mangfaldig historie om menneska som har budd her og korleis dei i samspel med naturen på ulike vis har utnytta store naturressursar heilt fram til moderne tid.

Formidlingsverdi

Natur- og kulturlandskapet i Eikesdalen har lenge vore ein attraktiv stad å oppsøkje for alt frå soppforskarar og botanikarar til basehopparar og isklatrarar. Hoemsbu turistforeningshytte og stiar opp frå dalen til fjella er mykje brukta. I 2022 hadde Spelet om Mardøla urpremiere. Dette utespelet bygger på ein lang kamp for vern av natur som starta med Mardøla-aksjonen i Eikesdalsfjella i 1970.

2.3 Landskap

Eikesdalen er eit typisk døme på ein U-dal, forma av kraftig erosjon under siste istid. Omkring dalen er det alpine fjellformer med toppar opp i 1800 meter over havet. Den høgste toppen er Kleneggen (1964 moh.). Gjennom dalen renn elva Aura. Elva har no sitt utspring frå den regulerte Aursjøen, og samlar seg i Litlevatnet midt i dalen, før ho renn vidare nedover bygda og ut i Eikesdalsvatnet.

Eikesdalsvatnet er den største naturlege innsjøen i Møre og Romsdal. Vatnet er 18 km langt og 2,05 km breitt på det breiaste. På det smalaste er det berre 0,75 km breitt. Overflata ligg berre 22 moh. og vatnet er målt til 155 m på det djupaste. Like etter istida sto havet omlag 10 meter over noverande vassnivå. I den nordlege enden av vatnet er 27 artar varmekjære molluskar sikkert bestemt i avsetninga.

Eikesdalsvatnet har alltid vore litt av eit spisskammers. I dag er det laks, sjøaure, vassaure, røyr, ål og 3-pigga stingsild i vatnet. Fram til ca 1860-åra var det også kobbe (sel), men no finst berre namn att som minner om dette, som i Kobbesvaet og Kobbesteinsgjerdet.

På vestsida av Eikesdalsvatnet renn elva Mardøla, med Mardalsfossen og Ytste Mardøla, ut. Mardalsfossen har eit samla fall på 655 meter og det øvre fallet blir rekna for å vere eit av verdas høgste loddrette frie fall med sine 297 meter. Mardøla vart regulert til kraftutbygging i 1970. Utbygginga var svært omstridt og resulterte i Mardøla-aksjonen, truleg verdas første sivile ulydighetsaksjon med bruk av ikkjevald for vern av natur.

Eikesdalen ligg i landskapsregion 23. Indre bygder på Vestlandet ([lenke](#)) , og jordbruksregion 5. Fjellområde i Sør-Norge og 6. Fjordbygdene på Vestlandet og i Sør-Norge ([lenke](#)) .

2.4 Natur og biologiske verdiar

Eikesdalen har generelt store naturverdiar, med høg tettheit av verdifulle naturtypar og raudlisteartar. Det er totalt 16 ulike kartlagde naturtypar, både naturlege og kulturbetinga. Til dømes; rik edellauvskog, gammal fattig edellauvskog, gammal barskog, gammal boreal lauvskog, sørvendte berg og rasmarker, fossesprøytsone (ved Mardalsfossen og Kjøtåfossen), bekkekloft og bergvegg, mudderbank, kalkrike område i fjellet, naturbeitemark, slåttemark, hagemark og haustingsskog.

Spesielt viktige karaktertrekk er:

- Området har Nord-Europas største samanhengande hasselskog. Denne er delvis forma gjennom lang tid gjennom uttak av "bandstakar" til tønneband og brøyttestikker, og av sanking av nøtter.
- Området er også eit av dei viktigaste stivingsområda i landet, og har truleg den største enkeltbestanden av styva alm i Norge.
- Ei lang rekke raudlisteartar er registrert i området. Dette gjeld særleg artar knytt til ny og eldre edellauvskog, der konsentrasjonen av raudlisteartar truleg er blant dei høgaste som er kjent i Norge. I eit enkelt undersøkingsområde er det registrert heile 58 raudlisteartar av sopp, lav, karplanter og sommarfuglar, der fleire av desse er sjeldne i heile Nord-Europa. Tette bestandar av flaggermus er også eit særtrekk for edellauvskogane i Eikesdalen.
- Hagtorn finnes det svært få lokasjoner av så langt nord i landet. Forekomstene av hagtorn i Eikesdalen står i fare for å bli borte på grunn av gjengroing med andre tresorter.

Av framande artar er det registrert følgjande i artskart.no: Platanlønn, hagepastinakk, hagelupin, raudhyll, valurt, skogskjegg og sitkagran.

UKL-området overlappar heilt eller delvis med fleire naturvernområde. Dei ulike områda har ulike føremål for vern; Naturlandskap, kulturminne, villrein, geologi, biologiske mangfald i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Meir informasjon om desse finn du i kapittel 6.2.

Kombinasjonen av varmt klima og særeigen kulturhistorie gjer Eikesdalen til eit særsviktig område biologisk sett, men som framleis er for dårlig kartlagt. Oversikt over kartlagde biologiske verdiar finn du på www.naturbase.no

2.5 Kulturhistorie og kulturhistoriske verdiar

Eikesdalen har heilt sidan istida vore ei viktig ferdsselsåre mellom fjord og fjell, og opp til fangstområda i fjellet. Eikesdalen var ein storgard med høg skuld i tidleg nytid, og kanskje kan også fangst og handel over fjellet ha gitt rikdom. Gamle gjenstandsfunn og arkeologiske undersøkingar kan vitne om kontinuitet i busetting og jordbruk heilt tilbake til yngre steinalder. Langs gamlevegen, som går gjennom heile dalføret, er det bautasteinar, gravminne og gravfelt. Gravfelta på Sæter er særleg verdt å nemne, men det er også gjort mange gravfunn ved Oppigard og i Utigard, og i Reitan finst det gravhaugar av nasjonal verdi. I område med beite- og slåttemarker er det mange rydningsrøyser, gamle stiar, terrasseringar, steingjerde og bruer i heile Eikesdalsområdet. I fjellet er det registrert mange fangstminne som vitnar om ein omfattande fangstkultur langt tilbake i tid.

Gardsnamn i dalen er frå nordvest Vike (austsida av vatnet), Hoem (vestsida av vatnet) Mardalen, Reitan, Utigard, Austigard, Oppigard, Sæter og så Finnset lengst mot søraust.

I 1860- og 1870-åra vart det gjennomført utskifting av innmarka. Den samanhengande åkerjorda som så langt hadde sett ut som eit lappeteppe, vart delt inn på nytt. Men til skilnad frå det som elles var vanleg ved utskiftingar, vart ikkje gardshusa flytta på. Antakeleg ga fonn- og flaumfare få andre moglegheiter til plassering, og derfor er den gamle tunskipnaden i rekkjer bevart i Eikesdalen. I 1883 brann husa i Utigard ned. Ved oppbygginga vart husa plassert etter tradisjonen.

Piling (styving) av alm, hausting av hasselnøtter, produksjon av tønneband.

Hasselkogen står tett i dalen og opp igjennom tidene vart det samla adskillige hundre tønner nøtter kvart år. Av hasselkjerra vart det også produsert tønneband og brøytestikker. Eikesdalingsane var sjølvforsynt med korn og dei mange bekkekvernene var i bruk til heilt ut i 1960-åra. Almebork vart nytta til før både for folk og fe til langt inn på 1900-talet. Dei åra det oppstod langvarig tørke måtte folket ty til almebork som dei blanda i brødmjølet. Or og osp var også viktige tresortar. Tømmeret vart brukt i høyløer fordi gliper mellom stokkane ga ein fin gjennomtrekk for høyet.

Tidlegare var det 18 km lange vatnet einaste ferdsselsåre til og frå Eikesdalen, og i år med därleg is om vinteren kunne dette vere ein særslig farleg veg. Eikesdal Dampskipsselskap starta opp med rutetrafikk i 1885, med trebåten D/S Mignon. I 1896 vart denne erstatta med stålåten D/S Eikesdal. I 1960 vart B/F Eikesdal bygd og den kunne ta 4 bilar. I 1974 vart B/F Eikesdal erstatta av B/F Mardøla som kunne ta 10-11 bilar. Eikesdal Dampskipsselskap vart då oppløyst og Møre og Romsdal Fylkesbåtar (MRF) tok over drifta av ruta. 16. november 1990 gjekk den siste ruteturen over vatnet då Eikesdalsvegen (no FV 6012) langs austsida av vatnet vart opna for trafikk. Eikesdalen ferjekai er no eit veggistorisk samferdselminne med nasjonal verdi. Ferjekaia på Vike er truleg den einaste kaia som framleis har gammaldags galge. B/F Eikesdal er no tatt over av det nystarta laget BF Eikesdal Båtlag og blir for tida restaurert.

Arbeidet med bygdevegen mellom gardane starta i 1828, og historia framover er godt formidla i Vegbygging og vegvedlikehald i Eikesdal, utgitt av Romsdal sogelag. Aursjøvegen er ein sommaropen fjellveg som vart bygd i samband med kraftutbyggingane tidleg på 1960-talet, og som går frå Eikesdalen til Sunndalsøra.

Gardane Reitan, Utigard, Austigard og Oppigard ligg som tre små landsbyar på rekke langs vegen lengst mot nord i bygda. Plassering av hus og tun er eit lett synleg trekk i landskapet og er eit godt eksempel på tilpassing til naturkrefter og tradisjon. Våningshusa ligg med hovudinngangen mot vegen. Bak ligg låvane

i ei rekke, og rommet mellom låven og våningshusa er tunet. I tuna står stabbur, eldhus og dei andre uthusa i ein spreidd orden. Her nedst i bygda ligg det meste av innmarka i lange, smale teigar mot lia på vestsida av fylkesvegen og elva Aura.

På Seter har det vore tre bruk frå 1600-talet, men sist på 1800-talet vart det eine bruket delt, slik at det frå då av var 4 bruk. Tidlegare låg gardshusa samla i eitt tun. I 1858 gjorde eit stort snøras så store skader på folk, hus og husdyr at to av brukena flytta husa sine til ein tryggare stad. På 1930-talet var det utskifting og på 1950-talet flytta det siste bruket husa sine vekk frå rasområdet. På Seter finn vi eit rikt kulturlandskap og interessante rasmarker. Det ligg også eit gravfelt frå bronse- og jernalderen her. Vi finn også elveforbyggingar med dam og demningsanlegg frå slutten av 1800-talet.

Finnset er den av gardane i bygda som ligg lengst mot sør. Endinga -set viser at det har bodd folk her i ca 1000 år. Frå 1600-talet var det 2 bruk her. På Finnset har det vore drive turisme, Elverhøi Hotel vart starta i 1901. Det var mange fotturistar som kom ned Finnsetlia frå Aursjøen, eller dei kom over frå Lesja eller Bjarli, og tok inn på Finnset. Dei to Finnsetgardane brann ned i 1928. Alle husa her er derfor frå etter den tid.

Finnsetlia. Kulturlandskap med setrer i Botnen og på Finnsetsetra. Setergardane tok til med setring her i 1820-åra. Opphavleg hadde dei tre Setergardane både seterbu og fjøs her, bygd i stein. No står det att ei steinbu med mjølkerom. Botnasetra ligg tett inntil Aursjøvegen. Finnsetgardane hadde også setrer nokre hundre meter lenger framme i dette området, Finnsetsetra.

Tverrberghytta ved Tverrberget er ei jaktbu frå 1932, og er eit godt eksempel på bruken av fjellet og villreinjaktkulturen, som har vore eit særskilt element i livberginga i Eikesdalen.

Aurstølen og Stordalsåsetra. Opp frå Løypåna til Brønnhøbrøstet finst det ein delvis oppmura seterveg frå den tida brukena på gnr 279 Eikesdal setra på Austølen og på Stordalsåsetra. Her står også ein minnestein. Seterhuset på Austølen er bygd opp att i seinare tid og Stordalsåsetra har også vore halden i god stand.

I Mardalen ligg det mange eldgamle utslåttar, og fleire er inngjerda og har høyløer og nokre har også sommarfjøs. Fast busetting er av nyare dato, frå ca 1920. Tømmerskogen i Mardalen har vore av stor verdi.

I Mardalen finn ein også Mardalsfossen, som har vore ein stor attraksjon heilt sidan 1870-åra. Her finst stiar og turvegar gjennom eit særegi og verdifullt kulturlandskap med mykje varmekjær skog som hassel og alm. Mardøla-aksjonen fann stad i Eikesdalsfjella sommaren 1970. Aksjonen var ein protest mot Gryttenutbygginga som mellom anna førte til at Mardalsfossen vart tørrlagt og at enno meir vatn vart ført vekk frå dalføret og vassdraget, som hadde vore utsatt for to store kraftutbyggingar der vatnet vart ført vekk tidlegare. Dette var første gong sivil ulydnad med bruk av ikkjevald vart teke i bruk i ei naturvernsak. Etter Gryttenutbygginga er vassdraget redusert til ca 25 % av den opphavlege vassføringa. I 2020 vart det markert at det var 50 år sidan Mardølaaksjonen og i 2022 hadde Spelet om Mardøla urpremiere i Eikesdalen.



Frå Spelet om Mardøla. "No he me fått nok!" Foto: Bjørn Magne Øverås

Vike, Øvre Vike og Vikesetra ligg på austsida av Eikesdalsvatnet. Vike har vore nemnt sidan sist på 1500-talet, men opplysningar om gardsdrifta finst først i skattemanntalet frå 1597. Øvre Vike har opplysningar om gardsdrift frå 1657. Vikesetra vart frådelt Øvre Vike i 1863. Ingen av bruka er i drift i dag, men det bor fastbuande på dei to bruka på Vike.

Hoem og Hoemsetra ligg på vestsida av Eikesdalsvatnet. Garden Hoem med våningshus og låvebygning, slåtteeng, steingardar, turstiar og beitelandskap er eit rikt og heilskapleg kulturlandskap med lang historie og store natur- og kulturverdiar. Her har det vore gard sidan 1500-talet. Dagens bygningar vart bygd seinst på 1800- og tidleg på 1900-talet. Eigarane av Hoem bor i Eikesdalen, og har skjøtta Hoem særskilt godt i alle år. For dette arbeidet fekk dei Kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal i 2020. Hoemsetra ligg litt lenger sørover mot Eikesdalen. Bruka her vart rydda og busett sist på 1800-talet. Då det kom veg langs austsida av Eikesdalsvatnet, vart Hoemsetra fråflytta.



Foto: Elin U. Austigard

Mange av kulturminna i Eikesdalen har nasjonal, regional eller lokal verdi og er listeførte til dømes i kommunen eller fylkeskommunen si kulturminneplan. Oversikt over desse er tilgjengeleg for alle på www.kulturminnesok.no. Det er ingen bygningar som er freda i Eikesdalen.

Meir om ulike tema som omhandlar natur og kultur i Eikesdalen kan ein finne i t.d. desse publikasjonane: «Eikesdalen – det finst berre ein» (2016) av Marit Wadsten m.fl.

“Til Eikesdalen – informasjonshefte for tilreisande” (1991). av Bjørn Austigard

«Livberging i utmarka» i boka «Eikesdalen – det finst berre ein» (2016, s. 117-137). Av Bjørn Austigard.

«Litlvatnet i Eikesdalen – presentert i tekst og bilde» i Romsdalsmuseets årbok 2011, s. 204-225. Av Bjørn Austigard.

Alm og hassel er omhandla i filmane «Almegnag» og «Hatleband», begge frå 1979, og i fleire artiklar i årbøker.

«Sett og samla. Smått og stort i romsdalsk kulturhistorie» (2020). Artikkel om nøtter og arbeidet med hausting og sal (s. 8-18) og om «Torne, sureple og asal – tre litt uvanlege treslag» s 106 -116) Av Bjørn Austigard.

2.6 Landbruksdrift

Historisk bruk og driftsformer

På Sæter var det 3 brukarar i 1620, og på Finnset 2 brukarar. Garden Eikesdal er nemnt i skattemanntalet alt i 1520. Frå 1597 til 1612 var det 3 brukarar på denne garden. I 1856 var det 7 brukarar. I 1803 sådde dei på dei 7 bruken 34 t. blandkorn og avla 240 t. Dei fora 16 hestar, 112 kyr (storfe) og 180 småfe. Det var skog nok til nødvendig brennemang og hustømmer, og det var god bømark og kverner til husbruk. Sjå meir om dette i Gards- og ættesoge for Nessen, VII, s 59 ff. I tillegg veit vi at dei i Eikesdal tidlegare dreiv stort med svineavl i utmarka. Det vart teke ein god del høy frå utslåttar. Dei mjølka ute om somrane etter eit særskilt rotasjonssystem som gjorde at alle bruken delte på dei tidlegaste og beste beiteområda og på dei seinaste, etter tur. Dette samarbeidet har vore avgjerande for drifta av gardane.

Fire setre ligg innanfor UKL-området; Botnasetra, Finnsetsetra, Aurstølen og Stordalsåsetra. Botnasetra vart sist bruka i 1923. Sjå meir om setring i “Sett og samla s 216 ff”, av Bjørn Austigard. Botnasetra ligg inntil Aursjøvegen og kan vere aktuell for istandsetting og tilrettelegging for informasjon om seterdrifta i området.

Reinsjakt og bruken av fjellområda: Tverrberghytta (den rauda) ved Tverrberget er ei jaktbu frå 1932, og er eit godt eksempel på bruken av fjellet og villreinjaktkulturen, som har vore eit særskilt viktig element i livberginga i Eikesdalen. Eigaren har inngått avtale med Romsdalsmuseet om vedlikehald og tilrettelegging for allmenta, samt informasjon om bruken av fjellet og jaktbua.



Tverrberghytta. Foto: Romsdalsmuseet

Dagens bruk og driftsformer

Bygda er i dag i aktiv drift basert på eit variert husdyrhald. Bruksstorleik, terrenget og berggrunn gjer det til dels krevjande å drive rasjonelt jordbruk. Mykje av den dyrka jorda ligg likevel i relativt store og godt arronderte teigar. Beitebruk er avgjerande for utnytting av areala, samtidig som ein del beiteareal fordi dei er bratte, berg- og tørrlende, har liten biologisk produksjon og er i mindre aktiv bruk. Dei siste åra har skjøtselen av hassel og sal av hasselnötter tatt seg mykje opp, og dette bør vidareutviklast. Ekstra innsats og ressursar retta mot skjøtsel av kulturmark kan støtte opp om utsette gardsbruk og driftsmåtar.

Tilnærma alt jordbruksareal er i drift, sjølv om noko av arealet med innmarksbeite er prega av lite bruk eller lågt beitetrykk.



Foto: Marit-Solveig Finset

Det var 10 jordbruksføretak med driftssenter innanfor området som søkte produksjonstilskott i 2017. I 2022 var det 8 føretak som søkte produksjonstilskott.

Fordeling på former for produksjon:

Grovfør: 1 bruk

Mjølkekyr: 4 bruk

Ammekyr: 3 bruk

Sau: 2 bruk

Det er att berre eitt bruk som har sauer på beite på Sæter og eitt bruk som har sauer på beite på Hoem. Elles i området er sauehaldet nedlagt på grunn av store tap til jerv og ørn i beitesesongen.

2.7 Andre næringar og brukarinteresser

Reiseliv

Eikesdalen er eit kjend turistmål og har vore det lenge. Turismen tok for alvor til på slutten av 1800-talet, då særleg engelsk overklasse kom til området for jakt og fiske og for å sjå Mardalsfossen. Mardalsfossen er ein av dei store turistattraksjonane i regionen. Innanfor UKL-området er det pr. i dag fire-fem bruk som driv med hytteutleige, og det finst to campingplassar og eit vertshus som er opent i sommarsesongen. Aktiv Eikesdal har base på Seter med tilrettelegging av aktivitetar, servering og utecamp. På Hoem ved Eikesdalsvatnet er våningshuset i bruk som ubetent DNT-hytte; Hoemsbu, med 31 sengeplassar. Ved Aursjøen, ligg Aursjøhytta, ei DNT-hytte som er betent i sommarsesongen og som då har open kafe. Aursjøhytta har 51 sengeplassar. Eikesdal Bygdelag eig og sørger for drift av kiosken på parkeringsplassen ved turstien opp til Mardalsfossen. Eikesdal Nye Dampskipsselskap driv Vertshuset Eikesdal og BF Mardøla, som kan leigast til private turar, arrangement og selskap mm på Eikesdalsvatnet. Eikesdal bygdelag eig og driv grendehuset i bygda, og her er det m.a. planar om å sette i drift svømmebassenget og etablere "Mardølasenteret", eit informasjonssenter for natur- og kulturverdiar i bygda. Turisme kan derfor seiast å vere ei næring med stort potensiale for vidareutvikling.

Friluftsliv

Det er lett tilgang til natur og gode tilhøve til fysisk aktivitet i nærmiljøet, både for innbyggjarar og tilreisande i området, og det er gode føresetnader for friluftsliv både sommar og vinter. Det mange godt tilrettelagte stiar og turvegar i området, men her kan det gjerast meir, særleg med omsyn til merking og skilting. Basehopping, isklatring og kajakpadling er aktivitetar som har tatt seg opp dei seinare åra. Det er lange tradisjonar når det gjeld bruk av både fjellområde og skog og mark til friluftsliv, jakt og fiske. I tillegg finst mange fine strender og badeplassar ved Eikesdalsvatnet og Litjvatnet.

3 Utfordringar og moglegheiter i områder

Jordbrukslandskapet i Eikesdalen er eit sjeldan døme på eit levande gards- og bygdesamfunn, der aktiv skjøtsel og drift gjer at verdiane i kulturlandskapet forsett blir haldne i hevd. Her blir det gitt ei kortfatta oppsummering av sterke sider og sårbare sider ved UKL Eikesdalen.

Sterke sider:

- Særs grøderikt landskap med innlandsklima og lite nedbør
- Aktiv drift av dyrkjorda
- Viktige naturverdiar og stort artsmangfald
- Godt kunnskapsgrunnlag mht naturverdiar
- Sterkt grendesamhald
- Levande tradisjon for dugnad
- Godtfungerande lagsarbeid
- Tilflytting av mange yngre familiær dei seinare åra
- Mange stiar og turvegar er merka, delvis med informasjonsskilt (Mardalen)
- Mange verneverdige bygg og andre kulturminne

Sårbare sider:

- Nedgang i tal på beitedyr
- Rovdyrområde
- Mangel på skjøtsel, attgroing
- Mangel på vedlikehald av gjerder i utmarka
- Driftstilhøve med ganske små moglegheiter for rasjonalisering og utviding
- Aukande krav til rasjonalisering for å halde oppe lønsemda i jordbruket
- Krav om lausdrift mm er ei utfordring for nokre bruk
- Rydding og vedlikehald av stiar og turvegar - eit kontinuerleg arbeid som "nokon" må gjere
- Mangel på vatn grunna stor vekkføring av vatn ifb. med kraftutbyggingar, som fører til mindre luftfuktigkeit og senka grunnvasstand
- Kunstig vatning er særs arbeidsintensivt i periodar og krev mykje utstyr
- Aktivitet basert på eldsjeler med stor arbeidsbelastning
- Bevaring av verneverdiar og vedlikehald av eldre bygg

Ei meir utførleg skildring av utfordingar, moglegheiter og aktuelle tiltak står i kapittel 4.

4 Mål for området og prioriterte tiltak

4.1 Mål for området

Det overordna målet er å oppretthalde jordbruksdrifta og ta vare på dei kulturelle, biologiske og landskapsestetiske verdiene i Eikesdalen, materielle så vel som immaterielle.

Dette skal området gjere gjennom heilskapleg forvaltning, god kunnskap og kompetanse og gjennom å kvalitetssikre tiltak.

Heilskapleg forvaltning

Det er viktig at det ligg heilskaplege vurderinger bak dei tiltaka som blir prioriterte og gjennomførte.

Mykje av kvaliteten til kulturlandskapet ligg i korleis strukturar og element i landskapet heng saman.

Derfor er det viktig at tiltak støttar opp om og styrker heilskapen og variasjonen av element i landskapet.

Noko av det som ein må ta omsyn til er:

- Spor av tidlegare busetting og dyrking
- Noverande plassering av busetting, gardstun og bygningar i landskapet
- Større, samanhengande kulturmiljø, som t.d. tunbusetnad og/eller setermiljø
- Småbruk, plassar og rydningsbruk
- Utsyn og omgivnader rundt verneverdige kulturminne
- Ferdselsårer
- Felles utmarksbeite
- Samanhengande drag/korridorar på land og vatn, og frå vatn og land til fjell

Kunnskap

Den heilskaplege forvaltninga må bli bygd på oppdatert og relevant kunnskap. Eikesdalen kan som eit utvald kulturlandskap fungere som eit føredøme og ein stad som kan spreie kunnskap om korleis ein best kan ta vare på og forvalte eit viktig kulturlandskap. Gjennom kontakt med andre UKL-område og ulike fagmiljø har Eikesdalen tilgang til mykje kompetanse. Når det gjeld bygningsvern, kulturminne og tradisjonshandverk finst det mykje lokal kompetanse både hos grunneigarar og i forvaltninga. Der det er kunnskapshol bør ein aktivt gå inn for å systematisk samle inn kunnskap og gjere den tilgjengeleg. Informasjon til allmenta om landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø må vere relevant og fagleg haldbart.

Kompetanse

Grunneigarar bør få tilbod om markdagar, kurs eller andre typar kompetansetiltak som kan vera til nytte for forvaltninga av areal, bygningar og andre landskapselement. Utvikling og overføring av kompetanse kan gjerne skje i samband med gjennomføring av bygnings- og landskapstiltak.

Kvalitetssikring

Auka kunnskap og kompetanse forutsett at tiltak blir gjennomført med god nok kvalitet. Tiltaka må ta kulturvernfaglege omsyn, omsyn til sjeldan/sårbart biologisk mangfald og meir generelle omsyn til landskapsbilete, omgjevnader og allmenta. Istandsetting, skjøtsel og andre tiltak i kulturlandskapet elles bør i hovudsak skje på grunnlag av ein skjøtselsplan utarbeidd etter faglege, kompetente vurderingar.

Det bør definerast indikatorar som kan målast med visse mellomrom for å vurdere effekta av dei tiltaka som blir gjennomførte. Slike indikatorar kan t.d. vera informasjon frå ansvarlege for tiltak, tilskottsstatistikk, kartdata, målingar i felt, fotografering og observasjonar.

4.2 Prioriterte tiltak for området

På dei neste sidene følgjer prioriterte tiltakskategoriar for Eikesdalen som utvald kulturlandskap. Desse er fastsett av arbeidsutvalet for Eikesdalen og forvaltninga. For kvart av desse er det sett opp delmål, status og aktuelle tiltak for å nå måla. Målet er å gi økonomisk støtte til å skjøtte, halde ved like, sette i stand og gjere natur- og kulturminneverdiane tilgjengelege.

Måla er retta mot å sikre ein arealbruk som støttar opp om landskapsverdiane, kva som er praktisk mogleg og driftsøkonomisk berekraftig. I tillegg er det viktig å støtte opp under aktiv landbruksdrift, bevare bygningsmiljø og kulturminne, sjeldne og sårbar naturverdiar og unngå inngrep og tiltak som reduserer landskapsverdien.

4.2.1 Haustingsskogbruket - hassel og alm



Foto: Bjørn Magne Øverås

Hassel. Status og utfordringar

Området har Nord-Europas lengste samanhengande hasselskog. Denne er delvis forma gjennom lang tid, til dømes med nøttesanking og uttak av "bandstakar" til tønneband og brøytestikker. Ein del hassel har vore kontinuerleg skjøtta, og det er fleire grunneigarar som no er i ferd med å ta opp att tradisjonen med skjøtsel. Dette gir eit godt grunnlag å arbeide vidare ut i frå. Utfordringane i skjøtsel av hassel er at mange teigar er overgrodde og at hasselen lir under for lite lys og luft. Mange stader ventar mykje arbeid med å ta vekk stor overskog. I arbeidet med skjøtsel av hassel må det også takast omsyn til andre naturverdiar beskrivne i MFU-rapport 2021-59.

Delmål

1. Bidra til å gjenskape hasselteigar i god hevd
2. Bidra til å etablere, systematisere og vidareutvikle eit erfarings- og kunnskapsbasert fagmiljø rundt kultivering av den stadeigne hasselskogen
3. Sikre naturverdiar i hasselskogen iflg. MFU-rapport 2021-59.

Aktuelle tiltak/prioriterte tiltak:

- Gi støtte til å rydde hasselteigar som er overgrodd
- Gi støtte til å drive kontinuerleg skjøtsel i teigar som er rydda
- Støtte kunnskaps- og kompetanseutvikling om hasselskog og produksjon av nøtter.
- Støtte etablering av framvisings-, forsøks- og forskingsfelt
- Presentere tradisjonane med haustingsskogbruket i hasselskogen på nettstaden til UKL Eikesdalen



Foto: Eva J. Austigard

Alm. Status og utfordringar:

Eikesdalen er truleg den enkeltbygda i landet som har flest pila/styva almar. Almepilane er svært karakteristiske i landskapet med sine korte og grove, ofte innholne stammer, og ei krone av meir eller mindre spinkle greiner. Almen vart nytta som viktig føde for både folk og dyr til langt inn på 1900-talet, og somme har drive med kontinuerleg piling fram til våre dagar. Pr. i dag har vi hovudsakleg to utfordringar:
1) Dei gamle almepilane som ikkje har vore stelt på lang tid har fått mange store tre oppi krona.
2) Hjorteplage. Dei siste ca 25 åra har hjortestammen i Eikesdalen fått vekse seg alt for stor trass i auka avskyting. Hjorten gneg av borken på røter og stamme på almane. Ved ringberking vil trea sakte, men sikkert døy. Tiltak mot hjorteplage bør derfor ha høg prioritet. I arbeidet med skjøtsel av alm må det også takast omsyn til andre naturverdiar beskrivne i MFU-rapport 2021-59.

Delmål

1. Bidra til å restaurere og ta vare på fleire pila almar i god hevd
2. Bidra til å etablere, systematisere og vidareutvikle eit erfarings- og kunnskapsbasert fagmiljø rundt tradisjonane med piling av alm.
3. Sikre naturverdiar i almeskogen iflg. MFU-rapport 2021-59.

Aktuelle tiltak /prioriterte tiltak:

- Gi støtte til å pile almar som ikkje har vore pila på mange år
- Gi støtte til kontinuerleg piling
- Gi støtte til tiltak mot hjorteplage.
- Støtte kunnskaps- og kompetanseutvikling om skjøtsel og bruk av alm
- Støtte etablering av framvisings-, forsøks- og forskingsfelt
- Presentere tradisjonane med haustingsskogbruket knytt til alm på nettstaden for UKL Eikesdalen



Foto: Bjørn Austigard



Foto: Bjørn Austigard

4.2.2 Vedlikehald og istandsetting av verneverdige bygningar og kulturminne i landskapet

Bygningar og kulturminne. Status og utfordringar:

Mykje av den eldre busetnaden er godt halden ved like, men denne treng kontinuerleg vedlikehald. Det same gjelde element frå gammalt kulturlandskap, som t.d. utløer, steingardar, åkerreiner og rydningsrøyser. Det finst ingen heilskapleg tilstandsvurdering av nyare dato på kulturminne og kulturmiljø i området, så det trengst ei kartlegging for å få ei heilskapleg oversikt.



Foto: Bjørn Magne Øverås

Delmål:

- Ta godt vare på og halde ved like dei verneverdige bygga og anlegga
- Ta godt vare på den gamle tun- og bygningsstrukturen
- Ta godt vare på kulturminna i kulturlandskapet. Vise fram utvalde kulturminne
- Vedlikehalde og auke interessa for den særegne byggesikken og tunskipnaden
- Knytte til seg eit kompetansemiljø på tradisjonell bygningskultur

Aktuelle tiltak /prioriterte tiltak:

- Utarbeide ny tilstandsvurdering og restaureringsplan for dei eldre bygningane
- Prioritere restaurering/vedlikehald av skifertak og utvendig vedlikehald av bygningar
- Sørge for at det blir lett for eigarane å få planlagt tiltaka med hjelp frå handverkarar med bygningsvernkompetanse
- Kurs og formidling av bygningsarven for ulike målgrupper
- Presentere byggesikken og kulturminna på nettstaden for UKL Eikesdalen

4.2.3 Jordbruksdrift, beite og utmark

Status og utfordringar:

Eikesdalen er no ei aktiv jordbruksbygd basert på moderne mjølke- og kjøttproduksjon. I 2022 er det 8 aktive jordbruksføretak i området som får produksjonstilskot. Jordbruket er ein føresetnad for at verdiane i kulturlandskapet blir haldne i hevd.

Utfordringane i Eikesdalen er lik dei generelle utfordringane i fylket: Trong økonomi gir dårlige tilhøve for å gjøre investeringar, spesielt med tanke på krav til omlegging av drifta, som beite- og mosjonskrav, kalvingsbinge/omsorgsbinge og lausdriftskrav. Utfordringar som dette kan føre til færre bønder/drivarar og dyr etter kvart.

Heile området ligg og innanfor forvaltningsområde for jerv. Både på Vik og på Finnset øvst i Eikesdalen har dette bidrage til nedlegging- og/eller omlegging av drift. Ein nedgang i talet på beitedyr gjer at fleire område står i fare for å gro att. Dette gjeld spesielt randsona oppover fjella, men også tradisjonelt

grøderike beitedalar i fjellet som Vikebotn og Gravdalens. Det er viktig å sikre best mogleg føreseielegheit for beitebrukarane og å forhindre moglege skade på/tap av husdyr til jerv.

I Eikesdalen er dei fleste områda som har potensial som dyrkbar mark allereie dyrka opp. Slike område er attraktive og dalen har ikkje så mykje dyrkbart areal att å tilby. Det er derfor viktig å ta vare på den dyrkamarka som er.

Med bakgrunn i dette er det viktig å stimulere til jordbruksdrift gjennom investeringar i driftsapparat og tilskot til å legge til rette for beitedyr.

Delmål:

- At brukarane i området held fram med drifta
- At det blir attraktivt å ta over bruk
- At ein opprettheld og helst aukar beitetrykket

Aktuelle tiltak /prioriterte tiltak:

- Gi beitedyrtilskot
- Gi tilskott til skjøtsel av registrerte beite- og slåttemarker
- Gi tilskott til tilrettelegging for auka beitebruk, t.d. rydding og gjerding (fysisk og virtuell)
- Gi støtte til investeringar/ombygging/modernisering av driftsbygningar



Foto: Marit-Solveig Finset

4.2.4 Ferdselsårer «til lands og til vanns»

Status og utfordringar:

Eikesdalen var i gamal tid eit knutepunkt mellom aust og vest. Både fangst, jordbruk, handel og samferdsel over fjella, ferdselen gjennom dalen og båttrafikken over Eikesdalsvatnet har vore viktig. Det finst fleire gamle ferdselsvegar i området som må takast vare på. Ein må vere merksam på at ferdsel ikkje må komme i konflikt med villrein. Bruka på Hoem og Hoemsetra vart veg- og ferjelause då Eikesdalsvegen kom på austsida av Eikesdalsvatnet i 1990. Gamleferja B/F Eikesdal er ei av dei siste attverande ferjene i landet som både har bildekk og lasterom m/kran. For bruka på vestsida av Eikesdalsvatnet, Hoem og Hoemsetra, vil det å framleis halde denne ferja operativ vere avgjerande for å kunne frakte dyr, driftsmiddel, maskiner og reiskapar over vatnet.



Delmål:

- Til lands: Sikre samanhengande drag/korridorar på vatn og til lands, og frå vatn til fjell
- Til vanns: Sikre laste- og transportbåt på Eikesdalsvatnet, inkl. kaier.

Aktuelle/prioriterte tiltak:

- Rydding og restaurering/opparbeidning av gamle ferdselsvegar
- Skilting og informasjon knytt til ferdselsvegane
- Restaurering av kaier og ferje for transport av dyr, driftsmiddel, maskiner og reiskap til dei veglause gardane på Hoem og Hoemsetra

4.2.5 Formidling

Status og utfordringar:

Sikring og varetaking av verdiane i området og formidling av desse er viktige mål for området. Eit ledd i å nå desse måla vil vere å arbeide godt med besøksstyring, der formidling er eit viktig verkemiddel.

Besøksstyringa vil medverke til at tilreisande får dei opplevingane dei ønskjer, men også til lokal verdiskaping og varetaking av natur og trivsel lokalt.

Eikesdalen er eit svært innhaldsrikt kulturlandskap med store verdiar knytt til jordbruket, landskapet, kulturhistoria og biologien. Det er viktig å synleggjere desse verdiane gjennom ulike formidlingstiltak for å auke kunnskapen om dei, både hos eigarar/brukarar og tilreisande. På denne måten kan ein løfte interessa og forståinga for verdiane og vise at kulturlandskapet er ein ressurs for verdiskaping, noko som igjen kan bidra til omsynsfull ferdsel og framferd i kulturlandskapet.

Tilreisande: Kombinasjonen av unikt natur- og kulturlandskap gjer at mange ønsker å reise til Eikesdalen, enten det er for turar i skog, mark og fjell, eller for t.d. jakt, fiske, basehopping, klatring, camping eller ein båttur på Eikesdalsvatnet eller Litvatnet. Her er mange aktivitetar og attraksjonar å velgje mellom. Det er viktig å gjere tilreisande merksame på dei unike verdiane i kulturlandskapet slik at dei kan bidra til å ta vare på både kultur og tradisjon.

Fastbuande: For overlevering av handlingsboren kunnskap og kompetanse som er unik for dalen, t.d. når det gjeld haustingsskogbruket (skjøtsel av hassel og alm), er det viktig å lage gode "møteplassar" der lokalbefolkninga kan møtast og utvikle og utveksle erfaringar, der også yngre generasjonar og interesserte tilflyttarar kan få høve til å delta og få overføring av kunnskap og kompetanse som er nedarva gjennom generasjonar.

Delmål:

- Skape interesse og forståing for kva Utvalde kulturlandskap er og kva for verdiar som finst i området, både for fastbuande og tilreisande.
- Formidle og dokumentere endringar i landskapet

Aktuelle tiltak/prioriterte tiltak:

- Informasjonsskilt om området som heilskap
- Informasjonsskilt om enkeltverdiar
- Skjøtselsdagar og -kurs, om t.d. haustingsskogbruket og slårte- og markdagar/kurs
- Lokale arrangement med fokus på kulturlandskapsverdiane
- Refotografering ([meir informasjon](#))

5 Overordna føringar for forvaltning av ordninga

5.1 Generelt

Føremålet med bruken av UKL-midlane er definert i eiga forskrift (Lovdata, 2020).

«Formålet med tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap er å bidra til å sikre verdier knyttet til landskap, biologisk mangfold, kulturminner og kulturmiljøer, herunder sikre langsiktig skjøtsel og drift».

UKL-ordninga er laga slik at den kan bli tilpassa kvart enkelt område sine moglegheiter og utfordringar. Felles for områda er at dei over tid og på ein balansert måte skal dekke opp behov knytt til alle deltema som er omfatta av føremålet med ordninga; kulturlandskap, biologisk mangfald og kulturmiljø, og danne grunnlag for landbruksbasert næringsutvikling.

I vurderinga av kva for søknader og tiltak som skal bli prioritert skal kommune legge vekt på i kva for grad:

- Kostnadane står i forhold til tiltakets mål og antekne effekt
- Tiltaket inngår i eit målretta og langsiktig arbeid som fremmar føremålet med tilskotsordninga

Utover dette står områda fritt til å fastsette eigne mål og prioriteringar.

5.2 Forvaltningsplan og årlege retningslinjer

Langsiktige mål og overordna prioriteringar er fastsett i forvaltningsplanen. Det vil bli utarbeidd årlege retningsliner for oppfølging av forvaltningsplanen. Retningslinene skal behandle punkta nedanfor og ev. andre aktuelle oppgåver som kan knytast naturleg til arbeidet med utvalde kulturlandskap. Dei årlege retningslinene skal utarbeidast i samarbeid mellom Molde kommune og arbeidsutvalet for UKL Eikesdalen (grunneigarrepresentantane). Dei skal bli publisert i samband med søkerndsrunden/ane. Retningslinene vil bli oppdatert årleg på bakgrunn av årlege føringar frå nasjonale myndigheter, målsetjingar i forvaltningsplan, andre relevante planer for området og innspel frå lokal samarbeidsgruppe.

Innhald i årlege retningsliner vil vere:

- Informasjon om årets søkerndsrunde
- Budsjett for dei øyremerka midlane som er tildelt området
- Prioritering av tiltak
- Storleik på tilskotssatsar

5.3 Grunnleggande prinsipp for tildeling tilskot

- Satsar for ulike tiltak bør ligge nokolunde likt frå år til år, men kan bli justert ved behov, avhengig av årsramma området har tilgjengeleg.
- Maks tilskotssats bør vere 70 %, med unntak i særskilte høve, t.d. tiltak som kjem allmenta til gode. Ein kan gi opptil 100 % tilskot til tiltak som er av stor kulturhistorisk (eller anna) verdi, og som ikkje eigaren sjølv har spesielt nytte av. Eksempel på dette kan vere utmarksløper eller seterhus. Dette blir vurdert i kvar enkelt sak.

- Tilskot gjennom UKL-ordninga skal kunne kombinerast med og bygge på andre tilskotsordningar. Total tilskotssum skal ikkje overstige 100 % finansiering.
- Skjøtsel av trua og sårbare naturtypar og/eller artar:
 - Områder med trua og/eller sårbare naturtypar og artar som er avhengig av skjøtsel, skal vere omfatta av skjøtselsplanar.
 - Det er viktig at skjøtselsplanar blir utarbeidd i samarbeid med grunneigar og bygger på naturfagleg kompetanse.
 - Om området ikkje er kartlagd må det bli det først.
 - Utarbeiding av skjøtselsplanar for haustingsskogbruk, t.d. hassel og alm, blir bestilt av kommunen i samarbeid med grunneigar, og kan bli dekt av UKL-midlar.
- Skjøtsel av andre naturområde:
 - Beitebruk vil vere den dominerande skjøtselsmåten for grasmark. I tillegg er det stort behov for rydding/tynning av buskar og tre, både for å sette i stand attgrodd areal og på areal med vanleg drift. Val av beitedyr, sambeiting/vekselbeite og beitetrykk gjennom vekstsesongen er også viktige element å vurdere. Forskjellige beitedyr supplerer einannan når det gjeld beiteopptak og effekt på attgroingsartar. Samarbeid mellom gardbrukarar med forskjellige beitedyr, ev. med areal som kan brukast i fellesskap, kan gi mindre kostnader til gjerdehald, tilsyn m.m.
- Istandsetting og skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø:
 - Bygningar og anlegg som får tilskot skal haldast ved like og skjøttast på ein slik måte at verneverdiane blir bevart
 - Søknaden om tilskot skal ha ei tilstands- og tiltaksvurdering, og eit kostnadsoverslag frå handverkar med kompetanse på bygningsvern.
 - Fylkeskommunen skal rådførast i sakshandsaminga av søknader som gjelder nasjonalt og regionalt verneverdige kulturminne, som er av stor betydning for dei kulturhistoriske verdiane i landskapet i Eiksdalen.
 - I vedtaka om tilskot bør det stillast vilkår som tek vare på verneverdiane og naudsynt kompetanse i gjennomføringa av arbeidet
 - Rapport/kostnadsoverslag blir bestilt av kommunen og kan bli dekt av midlar frå UKL-ordninga, dersom ikkje anna er avtalt.
- Fleirårige avtalar om årleg tilskott til drift og skjøtsel blir gjort med dei som driv areala etter skjøtselsplan, fastsette kriterium og standardsatsar. Sjølv om det føreligg ein avtale for slik skjøtsel, må tiltakshavar framleis søke om å få utbetalet tilskot kvart år. Det kan og bli gitt tilskott for eingongstiltak på slike areal, om dette er angitt i skjøtselsplanen.
- Blir det gitt tilskot til utarbeiding av informasjonsskilt, informasjonsmateriell o.l. skal [visuell profil for UKL](#) bli nytta.

6 Forvaltning

6.1 Oppgåver, roller og ansvarsfordeling

UKL-satsinga er ei tverrfagleg satsing med mange aktørar involvert som samarbeider, over fleire nivå og fagmiljø.

Grunneigarar, drivarar og lokale aktørar

Grunneigarar, drivarar og lokale aktørarar som lag og foreiningar er dei sentrale drivkraftene for ta vare på verdiane i områda. Dei har ansvar for å initiere og utføre dei konkrete tiltaka. For Eikesdalen er det oppretta eit arbeidsutval (forkorta til AU-Eikesdalen) med representantar for grunneigarar, drivarar og lokale aktørar. Arbeidsutvalet skal vere bindeleddet mellom grunneigarane og forvaltninga og har fleire oppgåver. Sjå mandat for AU-Eikesdalen for utfyllande skildring i vedlegg 1.

Kommunen

Kommunen har forvaltningsansvaret for UKL-ordninga. Dette inneber at det er kommunen som prioriterer søknadene, innvilgar og utbetaler tilskot. Kommunen skal prioritere dei tiltaka som er best eigna i området innanfor dei rammene som går fram av forskrifta, dei årlege retningslinene og planar for området. Dei skal også rettleie (jf. Forvaltningslova § 11), forberede saker og fatte enkeltvedtak. Forvaltning av midlane skjer i henhold til forskrift, med opning for lokal tilpassing og prioriteringar av tiltak og satsar. Kommunen har vidare ansvaret for å lage og revidere/oppdatere forvaltningsplanen for området. Forvaltningsplanen skal bli utarbeidd og revidert i samarbeid med dei regionale faglege etatane og berørte grunneigarar. Dei skal vidare kontrollere tilskotsordninga, rapportere og levere budsjettinnspel til Statsforvaltaren. Kommunen held kontakt med grunneigarar, lag og foreiningar og vurderer spørsmål om tiltak i forhold til kommunale arealplanar, verneplanar og anna. Kommunen har ansvar for at informasjons- og formidlingsmateriale som blir laga for området følgjer felles profil til Utvalde kulturlandskap.

Regionalt forvaltning

Statsforvaltarens landbruksforvaltning er koordinator på regionalt nivå og samarbeider tett med Statsforvaltarens miljøavdeling og kulturmiljøforvaltninga i fylkeskommunen. Regional landbruks-, natur og kulturmiljøforvaltning skal rettleie kommunen og bidra til tverrfagleg kompetanse og koordinering på tvers av kommunane i fylket. Statsforvaltaren har styringsdialog med kommunane. Regional forvaltning er eit viktig bindeledd mellom Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren og kommunen. Regionalt nivå koordinerer budsjettinnspel og rapportering til direktorata. Statsforvaltaren er klageinstans og skal føre kontroll med tilskotsordninga.

Nasjonal forvaltning

Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Landbruksdirektoratet (direktorata) er sekretariatet for den nasjonale satsinga, og Landbruksdirektoratet har koordineringsansvaret. Direktorata hjelper og rettleier hovudsakeleg Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet og regional forvaltning. Direktorata får oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet og Klima og miljødepartementet. Deira kjerneoppgåver omhandlar: fordeling av midlar og årsrekneskap, tilrettelegging og oppfølging av arbeidet i fylka, regelverk- og systemutforming, drift og vidareutvikling av digitalt søknads- og sakshandsamarsystem, kommunikasjon omkring ordninga, rapportering og utredningar om ordninga.

Direktorat	Regionalt nivå	Kommune	Grunneiere/drivere
• Nasjonal koordinator	• Regional koordinator	• Lokal koordinator	• Initiere tiltak
• Regelverk- og systemutforming	• Veilede kommunene	• Initiere tiltak	• Utføre tiltak
• Veiledning av regional forvaltning	• Bidra med kunnskap innen landbruk, natur og kulturminner	• Ansvar for å utarbeide planer	• Gi innspill til planer
• Arrangere fagsamlinger	• Kvalitetssikre planer	• Søknadsbehandling, fatte vedtak og utbetale tilskudd	
• Rapportering og budsjettforslag til LMD/KMD	• Koordinere budsjettinnspill	• Veiledning og kontakt med grunneiere/drivere o.l.	
• Fordeler rammer til fylkene	• Fordeler rammer til områdene	• Budsjett, rapportering og kontroll	
• Klageinstans og kontroll	• Klageinstans og kontroll		

Figur: Rollefordeling i UKL-samarbeidet

Andre organisasjoner som er aktuelle samarbeidspartnærar i området:

- Eikesdal bygdelag
- Eikesdal grunneigarlag
- BF Eikesdal båtlag
- Eikesdal sameige
- Eikesdal beitelag
- Vike og Hoem heimraster
- Eikesdal skyttarlag
- Nordre Eikesdalsvatnet grunneigarlag
- Eikesdal storvald (hjort)
- Dovrefjell nasjonalparkstyre
- Romsdalsmuseet
- Andre

Kommunikasjon

Det er viktig med jamleg dialog mellom grunneigarar (AU-Eikesdalen), kommunen og regional forvaltning om forvaltninga av det utvalde kulturlandskapet Eikesdalen. Det bør vere 1-2 møte mellom partane gjennom året for planlegging og oppfølging av oppgåver, utanom anna kontakt etter behov. Sjå mandat for AU-Eikesdalen for utfyllande skildring i vedlegg 1.

Kommunen og AU Eikesdalen har hovudansvaret for informasjon til og rettleiing av grunneigarane i bygda. Kommunen skal ha oppdatert informasjon tilgjengeleg på nettsida om forvaltninga av området, m.a. retningsliner for tilskott og andre føringar som grunneigarane bør kjenne til.

Informasjonskanalar:

- E-post: E-post blir nytta som viktigaste informasjonskanal
- Papir: For å nå fram til alle med informasjon, vil informasjonsskriv og liknande som blir delt ut i postkasser fortsett vere ein viktig kanal

- Nettstad: Etablere nettside for UKL Eikesdalen under heimesidene til Molde kommune og Statsforvaltaren slik at nøkkelinformasjon og viktige nyhende er tilgjengelege
- SMS: Meldingar via mobiltelefon er eit supplement til annan informasjon, m.a. for å varsle om nyhende, arrangement etc.
- Facebook: Opprette ei eiga Facebook-gruppe for UKL Eikesdalen

6.2 Regelverk for ordninga

Ordninga skal bli forvalta i tråd med regelverket for ordninga;

- [Forskrift om tilskudd til Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap \(lovdata.no\)](#)
- [Kommentar til forskrift om tilskudd til utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap](#)
- Forvaltningslova
- Årleg tildelingsbrev frå Statsforvaltaren
- Forvaltningsplan for UKL Eikesdalen

Årlege retningsliner for UKL Eikesdalen

6.3 Andre rammer: registreringar, kommunale, og regionale planar, og naturvern

Utover regleverket for UKL-ordninga ligg rammene for tiltak og aktivitet i andre planar og statusar som er vedtatt og gjeld for området. Ulike deler av området har ulike statusar som skal ta vare på dei mange unike verdiene knytt til området. Dei neste avsnitta listar opp dei statusar og planar som er avgjerande for bruk, tiltak og aktivitet i området.

Kommunale planer

I 2020 vart dei tre kommunane Molde, Midsund og Nesset slått saman til ein kommune; nye Molde.

Eikesdalen ligg i det som tidlegare var Nesset kommune. Gjeldande arealplan for området er

[Kommuneplan for Nesset kommune 2012-2020](#). I denne planen er størsteparten av området avsett til

landbruks-, natur- og friluftsområder, naturområde (LNF), med spreidd bustad-, fritids-, og næringsbusetnad. Sjå [Arealplankart for Nesset Sør](#). I samband med utarbeiding av kommuneplanen var det foreslått fleire område i Eikesdalen som er aktuelle for fritidsbusetnad. I rapporten «[Konsekvenser for natur, kulturminner og kulturlandskap i Eikesdalen](#)», datert 24.11.2022, er det skildra korleis dei føreslede utbyggingsområda vil påverke natur,- kulturminne og kulturlandskapselementa i området.

Molde kommune har ein [Kommunedelplan for Kulturminne og Kulturmiljø 2021-2025](#). Plana skal bidra til auka kunnskap om, og verdsetting av, kulturminna i kommune. Den skal kartlegge og beskrive kommunens viktigaste kulturminne og kulturmiljø, og bidra til å redusere tapet av kulturminne og kulturmiljø gjennom at kunnskap om desse vert inkludert i kommuneplan og reguleringsplanar.

Naturvernområde

UKL-området overlappar heilt eller delvis med fleire naturvernområde. Innanfor desse områda gjeld eigne forskrifter med føresegner for kva bruk, tiltak og aktivitet som er tillaten.

Namn	Føremål med vern	Meir info
Eikesdalen landskapsvernområde	Naturlandskap, kulturminne, villrein og geologi	her
Dalsida landskapsvernområde	Naturlandskap, kulturminne, villrein og geologi	her
Mardalen naturreservat	Variert skogsområde med sitt biologiske mangfald i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar.	her
Stakkengonna naturreservat	Ta vare på ein av dei best utvika almeskogslokalitetane i Eikesdalen med det naturlege plante- og dyrelivet.	her
Sandgrovbotn-Mardalsbotn	Biotopvernområde. Trekk-, beite- og kalvingsområde for villrein	her
Torbudalen biotopvernområde	Trekk-, beite- og kalvingsområde for villrein	her
Finnset (foreslått)	Skogvern	her

Andre statusar

Type	Merknad	Meir info
Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap Eikesdal - Øverås	Nasjonalt verdifullt område, registrert i 1994	her og her
Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)	I prosess. Eitt av 12 område i Møre og Romsdal.	her
Regional delplan for kulturminne		her
Forvaltningsområde for jerv		her

6.4 Økonomi - kostnadsoverslag og finansiering

Det blir årleg sett av UKL-midlar over jordbruksavtalen og frå budsjettet til Klima- og miljødepartementet øyremerka dei utvalde kulturlandskapa. Desse blir fordelte på alle fylke gjennom eit årleg tildelingsbrev til Statsforvaltaren frå Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD). Fordelinga mellom områda blir gjort i samråd mellom Landbruksdirektoratet, Klima- og miljødirektoratet og Riksantikvaren, på bakgrunn av innmeldte behov frå områda.

Kommunen sett opp eit årleg budsjettforslag for behovet for midlar i samråd med arbeidsutvalet for UKL Eikesdalen. Forslaget blir meldt inn til Statsforvaltaren. Etter at tildelingsbrevet kjem, blir det sett opp eit endeleg budsjett for året. Dei øyremerka UKL-midlane blir forvalta av kommunen og i hovudsak fordelt på enkelte grunneigarar gjennom søknadar om tiltak, drift og skjøtsel.

Når ordninga har vore i drift i nokre år, vil ein kunne avgjere om dei økonomiske rammene over tid er tilstrekkelege i høve til behova og forventningane.

6.4.1 Andre tilskotsordningar

UKL-tilskotet vil utgjere ei viktig grunnfinansiering i fleire av dei skisserte tiltaka, men mange av tiltaka vil ha behov for delfinansiering frå andre kjelder. UKL-midlane skal difor bli sett i samanheng med andre midlar frå landbruks-, miljø- og kulturminne- forvaltninga. Det blir oppmoda til at tiltak blir gjennomført i

samarbeid med- og med samfinansiering frå natur- og kulturminnemyndighetene, stiftingar, fond mm. Andre ressursar og nettsider som kan vere nyttige for å ivareta kulturlandskapet følgjer under:

- Spesielle miljøtiltak i jordbruksområdet (SMIL)
- Regionalt miljøtilskot (RMP)
- Landbruksdirektoratet sine tilskotsmidlar ([lenke](#))
- Tilskot til trua arter ([lenke](#))
- Tiltak for trua og utvalde naturtypar ([lenke](#))
- Tiltak i kulturlandskapsområde registrert som verdifulle kulturlandskap ([lenke](#))
- Miljødirektoratet sine tilskotsmidlar ([lenke](#))
- Kulturminnefondet sine tilskotsmidlar ([lenke](#))
- Fylkeskommunen sine tilskotsmidlar ([lenke](#))
- Stiftelsen UNI ([lenke](#))
- Norsk kulturarv ([lenke](#))
- Andre fond/stiftelsar

Lista er ikkje uttømmande

6.5 Søknad om tilskot og tildeling

Alle tiltak krev søknad. Søknad skjer gjennom Altinn og det elektroniske søknadssystemet Agros. Meir informasjon finn du [her](#) (landbruksdirektoratet.no)

Søknadsfrist for tilskott frå UKL Eikesdalen er sett til 15. mars kvart år. Alle innkomne søknadar vil bli behandla etter at søknadsfristen har gått ut og vil bli prioritert etter føringar i forvaltningsplanen og årlege retningslinjer.

Dei som får tilskott forpliktar seg til å følgje dei generelle intensjonane i forvaltningsplanen og dei spesielle vilkåra som gjeld tiltaka dei får tilskott for å utføre. Ein tiltakshavar kan trekke seg frå tiltaket på kva tidspunkt han vil, men vil då stå ansvarleg for tilskott som er utbetalt dersom ein har brote føresetnadene for tilskottet.

6.6 Årshjul

Faste punkter for forvaltninga sitt arbeid:

- Januar: Årleg dialogmøte mellom Statsforvaltaren, fylkeskommunen, Molde kommune og AU Eikesdalen. Dette skal haldast i januar i samband med utarbeiding av årlege retningslinjer for utdeling.
- Februar: Årlege retningslinjer blir utarbeidd av AU for UKL Eikesdalen og forvaltninga. Retningslinjene skal vere ferdig innan midten av februar kvart år og skal fortløpende kunngjerast i relevante media.
- Mars: Det er ein årleg søknadsfrist. Søknadsfristen er 15. mars. Alle innkomne søknadar vil bli behandla etter at søknadsfristen har gått ut

Aktivitetar utover dette vil fortløpende kunngjerast i relevante media.

7 Vedlegg og lenker til meir informasjon

Lenker til meir informasjon:

- Lenke for å komme direkte til søknadsskjema: [Altinn - Utvalgte kulturlandskap i jordbruket](#)
- Om Utvalgte kulturlandskap i jordbruket på landbruksdirektoratet.no:
<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/miljo-og-klima/jordbrukets-kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap-i-jordbruket>
- Om Utvalgte kulturlandskap i jordbruket, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:
<https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordbruk/kulturlandskap/Utvalde-kulturlandskap/>

Vedlegg:

- Mandat for arbeidsutvalet (AU) for UKL Eikesdalen

Vedlegg 1

Mandat for arbeidsutvalet AU for UKL Eikesdalen

Om arbeidsutvalet for UKL Eikesdalen

Eikesdalen fekk status som utvald kulturlandskap i jordbruksområdet (UKL) i 2022. Arbeidsutvalet for UKL består av representantar som er eigarar/drivarar og forvaltarar innanfor UKL Eikesdalen. Arbeidsutvalet skal halde seg informert og vere aktivt deltagande i å utvikle Eikesdalen som utvald kulturlandskap, ut frå målsettingane som er fastsett på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Utvalet skal legge til rette for at alle berørte blir involvert og høyrte.

Arbeidsutvalet sine ansvarsområde og arbeidsoppgåver

- Vere eit bindeledd mellom eigarar/drivarar/forvaltarar, Molde kommune og regional landbruks-, natur- og kulturminneforvaltning.
- Innkalle til møte, skrive referat og halde seg oppdatert om relevant aktivitet i området.
- Koordinere aktivitet i området som gjeld UKL.
- Koordinere samarbeid i området som omfattar fleire eigarar/drivarar/forvaltarar, organisasjonar og liknande.
- Saman med Molde kommune og regional landbruks-, natur- og kulturminneforvaltning bidra til oppfølging av eigar/drivar/forvaltar slik at området får ei positiv utvikling basert på verdiar og ressursar.
- Saman med Molde kommune og regional landbruks-, natur- og kulturminneforvaltning bidra til at området sin UKL-status blir gjort kjent blant innbyggjarar/bukarinteresser.
- Saman med Molde kommune og regional landbruks-, natur- og kulturminneforvaltning bidra til at området får status og merksemd som styrkar lokal stoltheit, tilhøyrslle og identitet.
- Bidra aktivt i arbeidet med forvaltningsplanen for området.
- Vurdere og komme med innspel til årlege, lokale retningslinjer for prioritering av tiltak i området.
- Vere rådgivande organ for kommunen i saker som angår UKL.
- Vere rådgivande organ for eigarar/drivarar og forvaltarar i saker som angår UKL.
- Delta på eventuelle nasjonale og regionale samlingar om UKL.

Det er ein føresetnad at reglane for habilitet blir ivaretakne på alle ansvarsområde og for alle arbeidsoppgåver.

Val og virketid

Arbeidsutvalet: AU Eikesdalen skal ha fire (4) medlemmar og to (2) varamedlemmar, valt blant eigarar/drivarar/forvaltarar, som alle blir valt på folkemøte i UKL Eikesdalen kvart 2. år innan utgangen av mars. Funksjonstida er 4 år. Ved valet i 2023 blir to medlemmar valt for 2 år og to medlemmar valt for 4 år.. Molde kommune er fast medlem med ein representant.

Rammebetingelsar:

- Arbeidsutvalet skal til ei kvar tid følgje føringer og målsettingar som er sett på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå.
- Det skal haldast eitt årleg dialogmøte mellom Statsforvaltaren, fylkeskommunen, Molde kommune og AU Eikesdalen. Dette skal haldast innan utgangen av januar i samband med utarbeidning av årlege retningslinjer for tildeling. Molde kommune skal kalle inn til dette møtet.
- Arbeidsutvalet står fritt i å knyte til seg andre ressurspersonar der det er formålstenleg.